

SFE Netts kommentarer til høringsinnspill til 132 kV ledningen Ålfoten-Rugsundøy-Bremangerlandet

Vi viser til høringsinnspela til MTA – planen.

Generell merknad:

Så langt vi kan sjå er dei fleste innspel til MTA – planen knytt til forhold som allereie er avklart i konsesjonen, og såleis ikkje skal vere tema i denne omgang.

For parsellen Ålfoten – Rugsundøy er det i hovudsak desse innspela:

- **Forhold knytt til badeplassen i Skorpepollen, påpeikar av Bremanger kommune og partiet venstre m.fl.**

Plassen der koplingspunktet og mastene er plassert i Skorpepollen er plassert i eit området som i dag er dekkja av tettvaksen sitkagran. Vi har hatt synfaring med grunneigarane i Skorpepollen, og dei har ikkje merknader til plasseringa, og har inngått minneleg avtale om linja, og vi er vidare samde om vilkåra for koplingspunktet. I semje med grunneigarane går det fram at ein skal setje igjen mest mogeleg av skogen mellom sjøen og linja / stasjonen, for på den måten å redusere innsynet mot punktet.

- **Forhold kring Hubro, og restriksjonar på anleggsperiode i områda mellom Bortne og Blålid, påpeika av Fylkesmannen i Vestland og Bremanger kommune m.fl.**

Gjennom meddelt anleggskonsesjon for ny 132 kV (Ålfoten-Rugsundøy, NVE ref. 201104378-264) har NVE satt vilkår om:

«Med utgangspunkt i registrerte hubrolokaliteter skal SFE Nett verifisere hvilke reir det eventuelt foregår hekking før anleggsarbeidet starter. Hvis det er hekking i reir nær traseen eller anleggsvei, skal SFE Nett i planen beskrive hvordan ulempene kan reduseres i anleggsfasen»

Gjennom utførte konsekvensutredninger har det fremkommet opplysninger fra relevante informanter om at det kan forekomme hekking av hubro flere steder nær den planlagte nye kraftledningen mellom Ålfoten/Langevatnet og Rugsundøy. Mulige lokaliteter med en avstand på mer enn 2 km fra tiltaket er ikke vurdert som konfliktfylte og er heller ikke vært gjenstand for nærmere undersøkelser. To mulige lokaliteter befinner seg nærmere enn 1000 meter og er tatt med i kartleggingsarbeidet. Dette gjelder en lokalitet ved Bortnen og en ved Blålida. Lokalitet 1 er basert på innspill fra Oddvar Olsen (NOF/Faunafokus) og gjelder en mulig gammel reirlokalisering inne i Bortnedalen med uvisse lokalisering. I samråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ble området opp mot Skoravatnet vurdert å ha størst potensial. Lyttestasjon 1 ble plassert for å fange lyd fra Sorovatnet til Rinden. Lokalitet 2 er basert på muntlige innspill fra lokale grunneiere om at hubro er hørt i lia øst for Blålida. Faglige vurderinger tilsa at potensialet for en hekkelokalitet var størst i sørhellinga opp mot Blålidkammen. Lyttepost 2 ble plassert på et høydedrag øst for Blålida for å kunne fange opp hele sektoren fra Blålidkammen til Vassdalen i sør.

Benyttet utstyr var to stk. Wildlife Acoustics Song Meter SM4. Lyttepostene ble programmert til å ta opptak hver dag i forbindelse med soloppgang (2 timer) og solnedgang (2 timer). Postene ble

utplassert 12. mars, og samlet inn 30. april i 2019. Dette gir totalt 49 dager med lytting. Resultatene ble gjennomlyttet sommeren 2019 uten at det ble funnet spor etter hubro ved noen av lyttestasjonen.

Gitt usikkerheten knyttet til det opprinnelige kildegrunnlaget og det faktum at det ikke ble påvist hubro på opptakene i 2019 vurderer SFE Nett sannsynligheten for at det på nåværende tidspunkt forekommer hekking ved de to lokalitetene som svært liten. At hubro tidvis befinner seg i eller nær influensområdet kan ikke utelukkes. Dette er da trolig knyttet til næringssøk eller passerende fugl. Det foreligger sikrere data på hekking ved Marøya, ca. 6 km vest for Bortnen.

SFE Nett anbefaler på bakgrunn av dette at det ikke bør ilegges noen tidsmessig begrensning på de planlagte anleggsarbeidene i tilknytning til bygging av den nye kraftledningen mellom Langevatnet og Rugsundøy. SFE Nett ser heller ikke grunnlag for å foreta nye vurderinger knyttet til sesongen 2020.

- **Avstand, - om at påfylling av olje og dieselprodukter skal skje lenger vekke enn 10 m, påpeika av Mattilsynet.**

Større maskiner og utstyr vil i hovudsak gjennomføre påfylling av olje og diesel knytt til godkjente riggplassar. Fylling av olje og dieselprodukter ute i linjetraseen vil vere i små volum, og er skadepotensialet er lite. Det er for så vidt ikkje problematisk for bygginga av anlegga om avstanden vert sett til noko meir enn 10 m.

- **Lagring av stolpar, avstander til vatn og drikkevasskjelder, påpeika av Mattilsynet**

Langvarig lagring av stolper vil vere knytt til dei godkjente riggplassane. Langvarig lagring kan vere inn til anlegget byggetid, og då maks 2 år, men i praksis vil den vere kortare, fordi ein får levert stolpane etter kvart som arbeidet skrid fram. I forhold til lagring i linjetraseen vil desse bli transport ut i tilknytning til anleggsarbeidet, og normalt vil dette vere kortvarig. Elles prøver vi å registrere alle private vannforsyningsanlegg, og halde god avstand til desse. Dersom det er fare for kreosotavrenning frå mastepunkt til vannkilde, vil tiltaket vere å bruke komposittmast i desse punkta. I forhold til vurdering av «god avstand» må det gjerast vurderingar på plassen i kvart tilfelle, - i det at avrenningsretning kan vere like viktig som avstand (at ein ikkje får avrenning inn mot vannkilden).

Dei øvrige innspel er etter vårt syn knytt til parsellen Rugsundøy – Bremangerland, og vi oppsummerer i hovudsak slik:

- **Forhold knytt til fare for ureining av Blandevatn, som er drikkevasskjelde for mange husstandar, påpeika av Bremanger kommune, partiet Venstre, advokat Sands m.fl.**

Det er særleg fare for at olje frå transformator skal renne ut i naturen, og vidare ned til Blandevatn som er teke opp. SFE Nett bygger anlegg i samsvar med føreskrift for elektriske forsyningsanlegg, og vi viser særleg til § 4-9 Sikkerhetstiltak og sikkerhetsutstyr: «*Oljefylte transformatorer og reaktorer med oljevolum mer enn 1000 l skal ha oljegrube med oppsamlingstank. Oljegruben skal ha innretning for slukking av eventuell brann i oljen. Steinfilter eller tilsvarende slukkeinnretning skal benyttes*»

Når anlegg er utført i samsvar med føreskriften og gjeldane norske standardarar for utføring av transformatorstasjonar, skal det ikkje vere fare for at olje skal renne ned drikkevasskjelda. Elles

er ansvarsforholdet til netteigar nemnt i nokre innspel. Ansvarsforholda er avklart både i lov om forurensing og i skadeerstatningsloven.

Elles kan nemnast at transformatorasjonen ligg innafor området til Bremangerland vindpark. Det er eit konsesjonsvilkår for Bremangerlandet Vindpark (BV) at det skal gjennomførers risikoanalyse (ROS-analyse) for private drikkevannskilder. BV har gjennomført ROS-analyse i samråd med kommunen. Som et ledd i dette har alle private drikkevannskilder rundt planområdet blitt kartlagt. ROS-analysen ble sendt på høring til kommunen og Mattilsynet. Endelig ROS-analyse (vedlagt) blir vedlagt MTA-planen for Bremangerlandet vindkraftverk, og omfattar også transformatorstasjonen. ROS-analysen inneholder også forslag til tiltak for å redusere risikoen for forurensning. Med bakgrunn i endelig ROS-analyse vil Tiltakshaver utarbeide en Tiltaksplan for drikkevann. Denne planen vil være kravspesifikasjon til hvordan arbeidet under anleggs- og driftsperioden skal gjennomføres, for å minimere risikoen for forurensing av private drikkevannskilder. Tiltakene i tiltaksplanen vil innlemmes i kontraktene med de respektive leverandørene som skal utføre arbeid på anlegget. BV har engasjert Rambøll til å gjennomføre et overvåkingsprogram for berørte vassdrag under anleggsperioden. Formålet med overvåkingsprogrammet er å beskytte miljøtilstanden til vassdragene samt egnetheten til vassdragene som drikkevann.

Overvåkingsprogrammet er vedlagt MTA-planen til Bremangerlandet vindkraftverk.

- **Forholdet til fugletrekk, nemt av m.a. Sands, på vegne at grunneigarar:**

I MTA– planen for vindparken (ikkje vår MTA–plan) er det nemnt spenn som kan ligge i retning for fugletrekk. Desse spenn vil vi setje på fugleavvisarar. I spenn det vi tidlegare har registrert kollisjon med fugl, og har montert desse fugleavvisarane, har vi ikkje registrert kollisjon etter montasjen.

Så langt vi kan sjå er øvrige innspel knytt til vilkår som er fastsett i konsesjonen. Dette ser vi ikkje grunn til å kommentere.

Gunnar Vassbotten

Avdelingssjef prosjekt

SFE Nett AS T: 57 74 61 41 | M: 906 33 858 | sfenett.no

Sogn og Fjordane Energi